

Tillatelse for et stiftendes aksjeselskap med A/S Rjukanfos og staten som deltakere, til erverv og regulering i Røldal—Suldalvassdraget m. v.

linje og telefonlinje fra bestående linjer ved Kilen gard, som vi har kjøpt, og opp lien til de to fordelingsbasseng. Det må også bygges adkomstvei til de to fordelingsbasseng fra den planlagte vei fram til Rossemyr gård.

Grunneiere er:

Leiv Bråtveit, gnr. 64, bnr. 1, 2 og 3,
Torbjørn Gauthun, gnr. 59, bnr. 1,
Nils Haugen, gnr. 60, bnr. 1 og 2,
Ola Haugen og Ole Stene, gnr. 60, bnr. 3 og 8,
som dels allerede har solgt oss de nødvendige arealer, dels tiltrådt håndgivelser som gir oss rett til å erverve nødvendig grunn. For så vidt angår Ola Haugens og Ole Stenes eiendom er det allerede påstevnet skjønn i henhold til denne håndgivelse.

Område 11.

Innenfor det innsirklede område trenger vi ca. 100 da for kraftstasjonstomt for Suldal III med rørgate og tverrslag for fordelingsbasseng, tipper og tilrigging med brakker.

Videre blir det her en inntaksdam i Stølsåna med inntak etc. fra vannet fra Stølsåna og Suldal III som her blir ført inn på driftstunnelen for Suldal I.

Det må også bygges permanente 20 kV-linjer og telefonlinjer fra hovedlinjene opp til Finnabuvatn i Stølsånadalen og fram til arbeidsplassene samt adkomstveier.

Grunneiere her er:

Nils Haugen, gnr. 60, bnr. 1 og 2,
Torbjørn Gauthun, gnr. 59, bnr. 1,
Ola Haugen og Ole Stene, gnr. 60, bnr. 3,
som alle har tiltrådt håndgivelser, som gir oss rett til å erverve nødvendig grunn.

Område 12.

Innenfor det innsirklede område trenger vi ca. 50 da for tverrslag med tilrigginger og brakker samt tipp for driftstunnelen Suldal III.

Videre blir det provisoriske 20 kV-linje og telefonlinje som avstikkere fra hovedlinjene opp til Finnabuvatn og adkomstvei fra veien opp til Finnabuvatn.

Grunneiere er:

Felleseie Odd Bakka og Torbjørn Gauthun, gnr. 59, bnr. 1,
felleseie Ola Haugen og Ole Stene, gnr. 60, bnr. 3,
som har tiltrådt håndgivelser som gir oss rett til å erverve nødvendig grunn.

Område 13.

Innenfor det innsirklede område trenger vi ca. 5 da for inntak i Finnabuvatn med lukehus etc., og adkomst til dette samt brakker og tilrigginger og tipp.

Grunneiere her er:

Odd Bakka,
Torbjørn Gauthun,
Vigleik Roalkvam,
som har tiltrådt håndgivelse, som gir oss rett til å erverve nødvendig grunn.

Videre blir det permanente 20 kV-linje og telefonlinje som avstikkere fra hovedlinjene til Finnabuvatn, og adkomstvei fra hovedveien til Finnabuvatn. Denne går bare over eiendommer hvor eierne har gitt adgang til å utføre de nødvendige arbeider. Ekspropriasjonstillatelse er derfor unødvendig.

Område 14.

Innenfor det innsirklede område trenger vi ca. 20 da for inntaksdam på toppen av Kvandalsfossen og inntak med lukehus etc. for driftstunnelen Suldal II med brakker og tilrigginger og tipper.

Grunneiere er:

Jakob Bleskjestad, gnr. 69, bnr. 3,
Hanna Roalkvam, gnr. 68, bnr. 10,
som har tiltrådt håndgivelse, som gir oss rett til å erverve nødvendig grunn.

Det må bygges adkomstvei fra veien til Sandvann i Jordbrekkeskaret og videre 20 kV-linje og telefonlinje som avstikkere fra hovedlinjen til Sandvann i Jordbrekkeskaret.

Område 15.

Innenfor det innsirklede område trenger vi ca. 100 da for kraftstasjonstomt for Kvanndal kraftstasjon med rørgate og tverrslag for fordelingsbasseng, tipper og tilrigging med brakker.

Disse områder eies av Hanna Roalkvam, gnr. 68, bnr. 7, som har tiltrådt håndgivelse, som gir oss rett til å erverve nødvendig grunn.

Det må også bygges adkomstvei fra inntaksdammen på toppen av Kvandalsfossen og likeledes 20 kV-linje og telefonlinje fra samme sted og frem til arbeidsplassene.

Område 16.

Innenfor det innsirklede område trenger vi ca. 50 da for inntak i Sandvann med lukehus etc. og tverrslag med tipp, brakker og tilrigginger for driftstunnelen Kvanndal kraftstasjon.

Området eies av:

Hanna Roalkvam, gnr. 67, bnr. 2,
som har tiltrådt håndgivelse, som gir oss rett til å erverve nødvendig grunn.

Det må videre bygges adkomstvei og permanente 20 kV-linje og telefonlinje fra vei og linjer til Sandvann i Sebyggedalen.

Reguleringssøknaden er kunngjort i Norsk Lysingsblad 3. og 8. mai 1961 (nr. 101 og 105) samt i dagsavisene: Rogaland, Rogaland Avis (nordutgaven), Stavangeren, Stavanger Aftenblad, Haugesunds Avis og Haugesund Dagblad. Søknaden har vært forelagt distriktet m. v. til uttalelse. Ekspropriasjonssøknaden er likeledes kunngjort i Norsk Lysingsblad og lokalavisene og har vært lagt ut til gjennomsyn ved Røldal kommunale kontor og ved Nesflaten postkontor.

Distriktsbehandlingen m. v. har gitt følgende resultat:

Røldal herredsstyre vedtok i møte 18. januar 1962 enstemmig følgende uttalelse:

«I Norsk Hydro sin konsesjonssøknad m/ vedlegg p. v. a. dotterselskapet A/S Rjukanfoss, er det gjort nærare greide for regulerings- og utbyggingsplanene. Kommunen sin tekniske konsulent, sivilingeniør Erik Ræstad, har gjeve ei utgreiing om dei hydrologiske tilhøva i vassdraga, og har knytt ein del kommentarar til konsesjonssøknaden. Denne ut-

Tillatelse for et stiftendes aksjeselskap med A/S Rjukanfos og staten som deltakere, til erverv og regulering i Røldal—Suldalvassdraget m. v.

greiinga fylgjer som vedlegg 7. Kommunestyret viser til dette materialet og vil i det høve peike på fylgjande omfattande endringar i naturtilhøva i Røldal.

Etter søknaden vert Valdalen neddemd ved ein 85 m høg dam i Hyttejuvet. Dermed vil Valldalselva/Storelva frå damstaden til Røldalsvatnet verta så å seia heilt turrlagd. Det same kjem eventuelt også til å gjelde Risbuelva, Nøvlefossen, Grytøyelva og elva gjennom Brattlandsdalen. Votnavatnet vert oppdemt med ein 45 m høg dam og 3338 da beitemark vert sett under vatn. Røldalsvatnet vert senka med heile 17 m.

Berre det som alt er nemnt framanfor syner at den planlagde reguleringa vil føre med seg sers store og alvorlege skadeverknader for dei einskilde grunneigarar og for eigarar av andre rettar, og ikkje minst for kommunen i det heile.

Røldal er ei fjellbygd der hovudnæringa gjennom mange hundreår har vore jordbruk, med stølsdrift og geitehald som den viktigaste faktor. Gardsbruka er små, men dei fleste har noko skog, dei beste teigane i Valldalen og på sørsida av Røldalsvatnet, slik at dei har hatt nok til eige bruk og gjerne litt til sal, nok til at bygda har vore sjølvhjelp med brensel.

Det er helst lite dyrkingsjord heime i sjølv Røldal og det meste er utnytta, men inne i Valldalen ligg enno fine og flate vidder, som med moderne maskinutstyr kan leggjast under kultur for ein rimeleg kostnad og gje god avkastning. Ved sida av jordbruket har folket vore nøydd til å nytte ut alle høve til å skaffe seg nok inntekter til levemåten.

Med si vakre natur, sine fossar og fjell og speglende vatn, har Røldal kunna glea seg over ein aukande straum av turistar frå alle land i verda, og turistnæringa har etter kvart vorte ei viktig inntektskjelde ved sida av jordbruket. Når Heilårsvegen er ferdig skulle Røldal ha alle føresetnader for å verta eit førsterangs vintersportssentrum, men då må ikkje bygda verta utskjemd av øydelagt natur og skjemmaende sår i landskapet.

Det er vel ikkje tvil om at foruten skadane på jordbruket, vil den påtenkte reguleringa også ha store skadeverknader for turistnæringa.

Ein kan dermed sikkert slå fast, at ved dei planlagde regulerings- og utbyggingsarbeid vil Røldal misse fundamentale delar av sitt næringsgrunnlag. Inngrepa vil i røynda verta av ein slik storleik og av ei så alvorleg natur at kommunen har vore inne på tanken om å leggja ned protest mot gjennomføring av planane. Når ein likevel tek omsyn til at konsesjonsøknaden gjeld eit prosjekt av stor nasjonaløkonomisk vekt, vil Røldal kommune styre ikkje setje seg i mot at det på visse vilkår vert gjeve konsesjon, men då må det og frå konsesjonssøkjaren si side, så langt råd er, verta ytt og ofra noko for å søkje å avbøte skadeverknadene og den alvorlege forringinga av levevilkåra i den bygda som den veldige kraftutbygginga i fyrste rekkje vil gå ut over.

I denne samanheng vil me nemne at kommunen helsar Norsk Hydro sine skogreisningsplanar med glede. Me vil likevel streka under at dette er ein langtidsplan som fyrst langt ut i framtida om 50—60 år — kanskje kan tenkjast å skaffe noko inntekter til

bygda. Skogreisningsplanen bør verta nærare utarbeidd og drofta mellom Norsk Hydro og kommunen. Reint generelt vil kommunestyret uttale at skogreisningsplanen som økonomisk faktor ligg så langt fram i tida at den ikkje på nokon måte må få innverknad på dei konsesjonsvilkår som det er naturleg og rimeleg å fastsetja ved ei så vidfemmande regulering og med så store inngrep i naturtilhøva.

Kommunen tillet seg å be om at statsmaktene ved fastsetjinga av konsesjonsvilkåra tek omsyn til fylgjande punkt:

1. På bakgrunn av dei svære inngrep og skadebotverknader av den storleik det her er tale om, at søknaden omfatar løyve til å rå over alt vatn, og at ålmenta og vert påførd skade, finn kommunestyret at ei konsesjonsavgift på kr. 4,50 pr. naturhestekraft må høve.

Kommunestyret vil i denne samanheng også streka under at ved ei fastsetjing av avgifta må ein ha for auga at Røldal vert fråteken dei uvanlig store kraftmengdene det her er tale om, me di krafta skal først ut or bygda for å verta nytta til storindustri på annan kant av landet.

Dei store utbyggingsarbeida som vil verta sette i gang, vil snu heilt om tilhøva i Røldal. Kommunen vil alt frå fyrste stund verta stilt framfor store og ulike oppgåver som ein ikkje utan vidare vil kunna makte å løyse. Såleis kan ein og peike på at kommunen truleg straks lyt tilsetja kvalifiserte fagfolk til å ta seg av dei mange tekniske oppgåver og spørsmål som melder seg. Dette vil koste etter måten store summar, og ein finn det rimeleg at Norsk Hydro — helst friviljug stiller til rådvelde — eller vert pålagd å utbetale forskotsvis ein del av konsesjonsavgiftene, t.d. kr. 75 000,— så snart anleggsarbeidet tek til.

2. Regulerings- og utbyggingsarbeida fører med seg at ein del av dei noverande vegane i Røldal vert sett under vatn. Ei eventuell senking av Røldalsvatnet vil verke til at gamle ferdsleveggar over isen vert øydelagde, og at båtferdsla på vatnet vert gjord vanskelegare. Neddemminga av Valldalen vil gjera det aktuelt å finne nye støls- og beiteområde i bygda. For å kunne utnytte desse må det byggast vegar fram til dei. Kommunestyret vil difor gjera krav om at konsesjonssøkjaren vert pålagd å bygge desse vegane:

- a. Veg på nord-austsida av Valldalen over høgste regulererte vasstand. Føresetnaden må vera at vegen byrjar nedanfor Hyttejuvet, ved Ullstøl, og bør leggjast oppe i lia over Heialeitet — Valldalslia og fram til Middalen. På sørsida må det først veg fram til Kjonberget. Vegane må haldast farbare for vintertransport og konsesjonssøkjaren må vårbroyte vegane slik at dei er farande med bil fyrst i juni. Dei interesser desse to vegane skal tene går fram av vedlegg 2.

- b. Veg langs Røldalsvatnet frå Botnen til Grytøyr bru. Vinterbroyting og sommarvedlikehold må påleggjast. Sjå vedlegg 12 og 13.

Tillatelse for et stiftendes aksjeselskap med A/S Rjukanfos og staten som deltakere, til erverv og regulering i Røldal—Suldalvassdraget m. v.

- c. Veg frå inntaket ved Grytøyrelva (Åmot) til Nyastøl og vidare til Blåbergnutstølen.
- d. Veg frå riksvegen ovanfor Tufte og opp langs austsida av Tufteelva fram til Austdalen og vidare til Grøndalen. Ein vil her peike på at for å gje høve til betre utnytting av gamle beite-strekningar og opne nye, vart det alt i 1930-åra gjort framlegg frå Røldal jordstyre om å bygge veg om Austdalen—Huseskar—Kjødnaustølskar og vidare ned i Valldalen og dessutan veg til Grytdalen—Blåbergnutbeita. Dei tilsvarande krav som kommunestyret i dag gjer krav om, er såleis ikkje nye og oppkonstruerte på grunn av konsesjonssøknaden. Sjå Fylkestingsboka for Hordaland 1947, sak 71.
- e. Veg frå riksvegen ved Edlandshaugen til Frøystøl.
Vegen frå Botnen til Grytøy bru og vegen i Valldalen må byggjast som bygdeveg. Dei andre vegane vert å bygge som stølsbilvegar, då likevel slik at første delen av Austdalsvegen vert bygd som bygdeveg.
Dei interesser dei nemnde vegane skal tene er nærare utgreidde i vedlegg 3. Det er kommunestyret sin føresetnad at det på vanleg måte vert fastsett at konsesjonssøkjaren vert pålagd å bera utgiftene til vedlikehald og utbetring av offentlege vegar og bruer der ein må rekne med at desse utgiftene vert serleg auka på grunn av anleggsarbeidet. Det er vidare føresetnaden at vegar og bruer som konsesjonssøkjaren bygger, kan nyttast fritt av ålmenta.
3. Røldal kommune manglar samfunnshus. Det vil vera rett at konsesjonssøkjaren vert pålagd å vera med i utgiftene ved bygging av samfunnshus i staden for å bygge eit mellombels møtehus.
4. Konsesjonssøkjaren sitt vass- og kloakk-anlegg må innpassast i kommunen sin kloakk- og vassverkolan. Det kan i denne samanheng nemnast at Storelva vert øydelagd som kloakkresipient. Kommunen vil gjerne ha tingingar med Norsk Hydro om denne saka for å koma fram til ei løysing. Dersom dette ikkje fører fram, bør Norsk Hydro påleggjast å yte tilskot til løysing av kloakk- og vassverkanlegg. Det vert vist til vedlagte uttale frå distriktslækjaren i Røldal om desse spørsmåla, vedlegg 4.
Ei stor oppgåve som står for tur er utarbeiding av reguleringsplan for Røldal. Norsk Hydro sine bygningar og anlegg bør innpassast i ein slik plan og konsesjonssøkjaren må påleggjast, i samsvar med konsesjonslova § 2, 7 å koste utarbeiding av planen og å yte tilskot til gjennomføringa.
5. Kommunen har gjort vedtak om bygging av ny skule. Tomt er sikra. Skulestyret reknar med at skulen vil verta ferdig hausten 1964. Ved planlegginga av skulen har skulestyret teke omsyn til den auken i talet på skuleborn i Røldal som ein må rekne med på grunn av Norsk Hydro sine anleggsarbeid. Skulen er planlagd med ei golvflate på 600 m². Med det barnetalet ein no har i Røldal, meiner skulestyret at 400 m² ville vera nok. Skulestyret har rekna med at skulen på grunn av den auka romplanen vert fordyra med ca. kr. 500 000,—. Konsesjonssøkjaren bør påleggjast å yte tilskot til det nye skulebygget i samsvar med det.
I samband med leikeplass til skulen er det tanken å få i stand ein idrottsplass. Norsk Hydro bør påleggjast å støt arbeid med eit slikt anlegg. Me viser til brev frå Tiltaksnemnda av 16.9.-1961 og frå Røldal skulestyre av 13.9.-1961, vedlegg 5 og 6.
6. Det er føresetnaden at det på vanleg måte vert pålagt konsesjonssøkjaren å innbetale ein pengesum til jordbruksfond og fiskefond, og vidare at han vert pålagd å setje ut fiskeyngel i vassdraga etter departementet sin nærmare plan.
Konsesjonssøkjaren må og verta pålagd å tilsetja jakt- og fiskeoppsyn i anleggstida.
7. Sett som eit samla fallkompleks er Røldal/Suldal-vassdraget eit sers konsentrert og verdfullt vassdrag. Det er på det reine at desse falla har vore selde uvanlegt billegt, samanhalde med det verde dei har i dag.
I konsesjonssøknaden er det gjort greide for kor store valutainntekter energiproduksjonen kan gje att t. d. ved framstilling av aluminium. 2 milliarder kWh årleg i medel i eit kraftkompleks som det vil koste 270 mill. å bygge ut, tilsvarar omlag 100 000 tonn aluminium årleg til eit salsverde av omlag 330 mill. kroner. På denne bakgrunn må ein i dag vurdere dei attståande fallstrekningar og revurdere dei fallstrekningar som er selde, i høgste prisslag på rå vasskraft. Me viser i dette høve til § 12, 9 i reguleringslova.
8. Når det gjeld Norsk Hydro sitt framlegg til manøvreringsreglement, syner kommunestyret til den før nemnde utgreidinga frå kommunen sin tekniske konsulent, sjå vedlegg nr. 1. Det er føresetnaden at det ikkje vert gjort noko vedtak når det gjeld Suldalslågen som kan koma til å kollidere med Røldal sine interesser.
9. For å kunna leggje til rette vilkåra for nye næringsgreiner i Røldal, må konsesjonssøkjaren verta pålagd å avstå kraft til Røldal kommune i samsvar med dei reglar som er sette i reguleringslova § 12 post 15, og i det høve leggje til grunn den høgste kraftmengde ein etter lova kan krevje. Krafta må leverast til sjølvkostnad.
10. Ved reguleringa av Valldalen må ein rekne med at det økonomiske driftsgrunnlaget for Røldal ysteri vert så svekka at det kan verta vanskeleg å halde drifta oppe. Som kjent er Røldalsgeitosten ei landskjend vare, og det ville vera sers leit om ein skulle sjå seg nøydd til å innstille produksjonen av denne.
For at det om mogeleg skal verta rekningssvarande å halde ysteriet i gang, endå om mjølkemengda vert mindre, må konsesjonssøkjaren verta pålagd å yte tilskot til drifta, eller i verste fall yte full skadebot om ysteriet må leggjast ned.

Tillatelse for et stiftendes aksjeselskap med A/S Rjukanfos og staten som deltakere, til erverv og regulering i Røldal—Suldalvassdraget m. v.

11. Konesesjonssøkjaren må så langt råd er nytte den kvalifiserte arbeidskraft som er å finne i bygda, og arbeidarane må takast inn gjennom det offentlege arbeidskontoret.
12. Med heimel i reguleringslova § 12, punkt 18, bør Norsk Hydro også verta pålagt følgjande:
Opparbeiding av nye kulturbeitefelt som delvis skadebot for neddemde vidder. Rydding av neddemd grunn og nytting av fyllmassene frå tunnelar, trykksjakter og kraftstasjonar m.m. på ein slik måte at ein slepp skjemmande steintippar. Der vassføra ikkje lenger er gjerde for beitefe, må konesesjonssøkjaren verta pålagt å setje opp forsvarleg gjerde, og halde gjerdet i stand i framtida. Om mogeleg må massane frå utsprengringar av kraftstasjonane og tilførselstunnelen nyttast til planering t.d. ved Lynghamar og dei turrlagde elvefara på begge sider av Kalsøyna. Dei turrlagde og planerte områda bør vederlagsfritt stillast til råvelde for industrireiseing eller andre tiltak som kan styrkje næringsgrunnlaget i bygda i framtida. Geotekniske granskingar er berre føreteke der Storelva fell ut i Røldalsvatnet. Tilsvarande granskingar må og gjerast på dei stadene som er nemnde i vedlagde uttale frå Tiltaksnemnda i Røldal, vedlegg 7. Dersom såvorne granskingar syner at det vil vera fåre for utrasing, må konesesjonssøkjaren verta pålagt å utføre turvande sikringstiltak. Me vil og peike på opplysningane i det nemnde vedlegg om turvande båtøpptrekk i Røldalsvatnet. Av omsyn til dei store interesser som knyter seg til turistnæringa i Røldal, bør konesesjonssøkjaren verta pålagt å halde vassstanden i Røldalsvatnet oppe i tida 1. juni—30. september, slik at det i denne tida ikkje vert senka under kote 378. Vidare bør det undersøkast om det er mogeleg å skaffe vassføring i Nøvefossen og Brattlandsdalen i same tidsrom. Som vedlegg 8 legg me ved eit stutt oversyn over turisttrafikken i Røldal. Uttale frå Landslaget for reiselivet i Norge fylgjer som vedlegg 9 og notat frå Kontoret for områdeplanlegging for Bergen og Hordaland som vedlegg 10. Det bør gjerast vedtak om at ekspropriasjonsskjønnet også kan konstituerast som tiltaksskjønn.»

Det framgår av bilag 2 at vegen til Vallalsvatn sommar som vinter har vært adkomsten til stølene, beite- skog- og jaktområdene i dalen og de nedre partier av Hardangervidda samt til turisthyttene Vallalsseter og Litlos. Belegget på disse hytter har de siste år vært 300—400 i påsken og 1500—2000 overnattinger om sommeren. Om kring 3000 sauer sies å beite i Vivassdalen og inne på Hardangervidda. I selve Valldalen er tallet oppgitt til ca. 1500. Dyrene transporteres med bil til og fra Valldalsvatn. Herredskogmesteren i Kvam har beregnet gjenværende

bjerkeskog etter reguleringen til ca. 770 da netto.

Røldal jordstyre (bilag 12) uttaler i møte 10. mai 1961:

«Vedk. Røldalsvatnet.

Det må vera eit vilkår for konesesjonen at det vert bygt veg langs med heile austsida av vatnet, av hensyn til dei gardane som ligg der og skogteigane langs vatnet. Vidare må Norsk Hydro forplikte seg til å halda vannstanden oppe på normal høgd i sumarhalvåret og gjera dei førebyggjande arbeid som trengst for å hindra utrasing i strendene.

Vedk. Nøvevassdraget.

Norsk Hydro må forplikta seg til å byggja veg ved sida av bassenget, så restane av dei beita som er der vert tilgjengelege og kan nyttast.

Vedk. Valldalen.

Om konesesjon vert gjeven, må Norsk Hydro byggja veg langs bassenget og vidare til stølen Tjønnerberget. Elles kan ikkje restene av beita i dalen nyttast til stølsdrift. Dei bør og byggja vegar til andre beite, så desse kan gjerast tilgjengelege for stølsdrift. Vidare bør dei hjelpa til med å dyrka opp beite heime i bygda for dei gardane som misser beita sine og har utmark heime som høver for kulturbeite.

Slutning.

Jordbruket i bygda vil verta mykje skadelidande ved ei så stor regulering, serleg i Valldalen. Men fleirtalet i jordstyret (3 mann) meiner at ser ein heile bygda under eitt, vil det verta til økonomisk forbetring med denne utbyggjinga. Og ser ein på dei store kraftmengder som kan vinnast ut ved reguleringa, finn ein ikkje å kunne setja seg i mot at Norsk Hydro får gjennomføra sine planar.

Mindretalet (2 mann) meiner at planen om reguleringa av Valldalen bør ikkje gjennomførast. Reguleringa av Røldalsvatnet og Nøvevassdraget finn ein ikkje å kunne setja seg i mot.»

I alt 28 underskrifter på brev av 7. januar 1961 (bilag 13) står bak krav om «vei fra riksveien i Botnen til Odland, Bratteig til og med Grytøy bru». Vegen kreves holdt oppe om vinteren og vedlikeholdt. 4 underskrifter bermerker at kravet skal gjelde ubrukt vegforbindelse mellom Botnen og Grytøy over Odland—Bratteig. 4 underskrifter på brev av 7. februar 1961 støtter også vegkravet.

Ordføreren i Røldal har gitt følgende redegjørelse om vegkravene utenfor Valldalen (bilag 3).

«1. Veg: Botnen—Grytøyr. Det er planlagt gardsveg Grytøyr—Bratteteig. Landbruksdepartementet har etter søknad løyvt kr. 20 000,— til denne veg og Røldal kommune har løyvt like mykje. Odland og Bratteteig ligg på austsida av Røldalsvatnet, Odland omtrent midtvegs mellom Botnen og Grytøyr. Gardane er veglause i dag, ferdsla til og frå går over vatnet i robåt då det er ope, over isen om vinteren. Det går sti over høgda mellom Odland og Bratteteig. Brukarane på desse gardane reknar med at isen på Røldal

Tillatelse for et stiftendes aksjeselskap med A/S Rjukanfos og staten som deltakere, til erverv og regulering i Røldal—Suldalvassdraget m. v.

dalsvatnet ikkje kan nyttast etter reguleringa. Ferdsla med båt vil også verta hindra og vanskeliggjort, då særleg opptrekket vert så forskjellig og omskiftande.

På Odland er 4 bruk, på Bratteteig er 2 bruk med tilsaman ca. 100 da. innmark. Alle bruken har vedskog til husbruk og eindel til salg. Skogvidda under barskogsgrensa er omlag 7—800 da.

Vegen Botnen—Grytøy vil forutan desse bruk vere til nytte for alle skogeigarar langs austsida av Røldalsvatnet. Fleire bruk i Kyrkjekrinsen og Horda har skogteigar på denne side av vatnet, både til husbruk og salg. Veden har alltid vart kjørt over isen.

Det bør og nemnast at 2 planlagte plante-felt i Hydros skogreisningsplan ligg på austsida av Røldalsvatnet og vil med tida dra nytte av ein veg frå Botnen—Grytøy.

2. Grydalsvegen. Veg frå inntaket ved Grytøylv (Åmot) til Nyastøl og vidare til Blåbergnutstølen.

Neddemminga av Valldalen vil føre med seg at mange stolar og med sers verdfulle slåtte- og beitemarker vert borte. For i noko mon å råde bot på dette bør konsesjonssøkjaren påleggjast å bygge vegar til andre fjellbeiter der stølsbruket no ligg nede eller ikkje tidlegare har vore oppteke. Utanom Valldalen er Grydalen med Nyastøl og Blåbergdalen den beste støls- og beitemark bygda har. Hydro har sjølv bruk for veg til høgste og vestre tunnelinnslag i Fjetlandsnuten. Denne veg må gå om Grydalen. Vegen må med fordel også for Hydro leggjast via Nyastøl. Frå Nyastøl til Blåbergnutstøl er omlag 3 km. Denne grein bør byggjast så ein kan få nytte dei gode beiter i sjølve Blåbergdalen. På denne måten kan ein vinne inn 6 vanlege stølsbruk. I denne samanheng viser ein til direktør Tveitnes' utgreiding av 10.1.61 vedlegg 9 til Hydros konsesjonssøknad.

Austdalsvegen. Veg frå riksvegen ovanfor Tufta og opp langs austsida av Tuftelven fram til Austdalen og vidare til Grønndalen. På dette strekkje er 4 stolar. Desse var i bruk til no nyleg, men på grunn av mangel på bilveg vart stolarne nedlagd og bortleigd til sauebeite. Kvar av stolarne er av vanleg storleik i Røldal, dvs. nokre kyr og 80—100 geiter. Stølseigarane søkte før krigen om tilskot for å utbetre stølsvegen. Vegfondet ytte kr. 3 000,—, men dette var altfor lite. Veglengda frå riksvegen til Grønndalen er omlag 5—6 km.

Eit forhold som ein bør leggja merke til er at ein veg her vil vinne inn fine byggetomter i eit område som ligg trygt til, fri for rasfare og i le for storm, og solrikt.

Veg til Frøystøl. Veg frå riksvegen ved Edlandshaugen til Frøystøl. Frøystøl ligg som det gjeng fram av kartet, vedlegg 2 til konsesjonssøknaden, omkring midtvegs mellom Kyrkjebygda og Røldal ysteri. Gamlevegen gjekk over Frøystøl. Lendet er nokså flatt og god jord. For 40—50 år sidan var det eit

dyrkingsfelt her. Arealet på Frøystøl er omlag 2—300 da. Heile dette felt er sers skikka som kuturbeite, men det trengs veg skal det kunne nyttas. Denne bør gå opp frå riksvegen ved Edlandshaugen. Lendet er slakt og fint so det er lett å bygge veg her. Veglengden er ikkje meir enn omlag 1 km.»

Det fremgår av distriktslege Johan J. Meyers brev av 18. september 1961 til Tiltaksnemnda i Røldal (bilag 4) at det har vart arbeidet med vann- og kloakkanlegg for tettbebyggelsen i Røldal siden før 1955 — fra 1956 i fastere form. Siden 1961 har Røldal herredstyre gitt Røldal Helseråd fullmakt til å etablere kontakt med sakkyndige. Vann- og kloakkanlegget antas å burde dimensjoneres for henimot 1000 personer. Det nevnes også at kommunen arbeider med bygging av gamle- og pleiehjem og at det bør overveies å stille plasser til disposisjon til Norsk Hydro i anleggstiden slik at selskapet slipper å bygge egen sykestue.

Uttalelsen i bilag 7 fra Tiltaksnemnda i Røldal vedrørende geotekniske undersøkelser ved Røldalsvatn m. v. lyder slik:

- «1. Den store senkning av Røldalsvatn vil medføre fare for utrasinger. Geologisk-teknisk Institutt har hittil bare undersøkt nordenden av Røldalsvatn ved Storelvns utfallsos, jfr. bilag 6 til konsesjonssøknaden.

Kommunen tillater seg å kreve at også følgende områder ved Røldalsvatn blir undersøkt med henblikk på fare for utrasinger.

Grytøyroyane ved Grytøyrelvas utfallsos, Ekkjeøya og områdene ved Ekkjeelvas utfallsos, Håraelvas utfallsos og Sæteid-bekkens utfallsos ved Hamre. Det kan også være fare for utrasing etter strandlinjene nedenfor Horda og Odland. Marbakken går nær land og det er meget vann i jorden.

I den utstrekning sakkyndige undersøkelser finner at det er fare for utrasing må regulanten pålegges å treffe sikringstiltak.

2. Reguleringen av Røldalsvatnet vil også føre med seg store ulemper for de som nytter båter i vannet og det bør bygges sentral båt plass med motoropptrekk på disse steder:

- 1) Hamre,
- 2) Lynghaugen,
- 3) Bratteteig,
- 4) Odland,
- 5) Botnen,
- 6) Ekkje og
- 7) Horda.»

Oversikten i bilag 8 over turisttrafikken i Røldal viser at bygden har et hotell og et hospits med 50 senger hver og 30 køyer. Videre finnes 2 ungdomsherberger, D. N. T.s hytte og 9 andre pensjonater og fjellstuer. Disse har tilsammen 357 gjestesenger og

Tillatelse for et stiftendes aksjeselskap med A/S Rjukanfos og staten som deltakere, til erverv og regulering i Røldal—Suldalvassdraget m. v.

køyer med 13 880 overnattinger siste sommer. Forretninger og utsalg hadde i 1960 en omsetning på 1,65 mill. kr. og det regnes med at 50 % av denne handel skriver seg fra handel med turister.

Landslaget for Reiselivet i Norge uttaler i brev av 9. oktober 1960 (bilag 9) at veien mellom Telemark og Hardanger gjennom Røldal er en av landets viktigste turistruter. Det henstilles om å prøve å holde en viss vannstand i Røldalsvatn i turistsesongen om sommeren og om å undersøke muligheten av å slippe noe vatn i Bratlandsdalen i turisttiden.

Kontoret for Områdeplanlegging for Bergen og Hordaland har gitt utredning datert 24. oktober 1961 (bilag 10) om kommunens næringsliv m. v.

Det framgår at herredet er et av de minste i fylket og at folketallet — 599 i 1961 — har vært minkende i de siste 30 år. Som årsak er nevnt det svake næringsgrunnlaget i kommunen. Dens økonomiske stilling er omtrent som gjennomsnittet for fylket ellers, men kommunen har i årene 1954—61 blitt tildelt i alt kr. 156 000 i skatteutjevningssmidler.

Hovednæringen er jordbruk. Det er i alt 104 gardsbruk (144 i 1949) med 25—30 mål innmark i middel når ikke medregnes bruk under 5 da. Brukene er for små til å gi full leveveg. Kommunen har ingen industri. Vedrørende sosiale tiltak m. v. sies det til slutt i utredningen:

«Kommunen har ingen sosiale trygder utanom alderstrygda. Det blir ikkje gitt kommunale tilleggstrygtingar til alderstrygda. Kommunen har ingen gamleheim. I kommunen er ein skulekrins med firedelt skule. Der er obligatorisk framhaldsskule.

Administrasjon.

Kommunen har kjøpt eit hus, som ligg sentralt til ved riksvegen og innreidt det for dei kommunale kontora. Både kommunekasserar og likningssjef er tilsett i attåtstilling. Ordføraren er sekretær for formannskapet.»

I brev av 3. august 1961 til Røldal kommunestyre (bilag 11) har 13 grunneiere i Valldalen — Alf Rabbe m. fl. — bl. a. hevdet at det oppgitte areal dyrkbar mark — 640 da — er misvisende og hevder selv at det dreier seg riktiger om 13—1400 da. Grunneierne uttaler sitt sterkeste ønske om at Valldalen skal få være urørt.

Norsk Hydro har i brev av 4. september til herredsstyre framholdt bl. a. at ingeniør Ræstad og o.r.sakfører Larsen som representerer de fleste av grunneierne har beregnet det samlede areal dyrkbar jord til 777 da på grunnlag av opplysninger fra grunneierne selv.

Sivilingeniør Erik Ræstad, Oslo

gir i sin utredning av 5. desember 1961 (bilag 1) først en alminnelig vassdragsbeskrivelse og naturlige avløp. Røldalsvassdraget sies å gå i hovedsaken i bratte trange elvegjel fra ca. 700 m. o. h. ned til Røldalsvatn på ca. 380 m. o. h. Bratlandselven går herfra i et trangt juv på en strekning av 12 km ned til Suldalsvatn på kote 68.

Det gjennomsnittlige avløp i perioden 1921—1950 er til Røldalsvatn oppgitt til 71,6 l/sek/km² og til Suldalsvatn noe mere — 74,5 l/sek/km².

Det er beregnet at 89,8 % av årsavløpet til Røldalsvatn faller i tiden 1. mai til 31. oktober. Minste årsavløp er beregnet til ca. 61,5 % av midlere årlige avløp i 30-årsperioden og største årsavløp til 139 %.

Om flommene uttales:

«Flommene i vassdraget har vært ganske store, opptil 600—700 l/sek pr. km². Skadene er forholdsmessig ikke så store, men det er de dyrkbare, beboelige felter ved vannene som da særlig lider skade. Røldal er særlig utsatt på grunn av vatnets trange utløp. I 1933 kulminerte Røldalsvatn den 19. juni på 382,48. Fra 1941 er utløpsforholdene noe endret og senere har høyeste flom vært k. 382,08 m (7.10.1943).

Det er verd å legge merke til at høstflommene er skademessig like farlige som vårflommene idet det er intensiteten og ikke totalvolumet som er avgjørende.»

Utredningen regner med at praktisk talt alt vatn i vassdraget vil nyttiggjøres til kraftproduksjon etter den foreliggende reguleringsplan, dog unntatt Bleskestadvassdraget hvor utnyttelsesgraden angis til 70—80 %.

Det heter i denne forbindelse i utredningen:

«I enkelte elvestrekninger fører dette til praktisk talt hel tørrlegging av elven året rundt: I Storelven ned til Tufteelven, i Rispolen og i Nøvlefossen. I Grytøyelven og fra Lonevatn ned Bratlandsdalen. Videre i Grubbedalselv ned til Bratlandsdalen i Bleskestadelv (Sandvassåni) og i nedre del av Roalkvamåni.

Fra Suldalsvatn til havet vil elven i sommerhalvåret bli sterkt redusert. Kونسesjonssøknaden åpner adgang til i vannfattige år å redusere sommeravløpet til ca. 1/2 av hva den ville vært, altså nettopp i år hvor det ville vært særdeles viktig å beholde det lille som naturen yder.

I vinterhalvåret vil avløpet bli økt til vel det tredoble. I enkelte år vil dette ha en gunstig virkning, men vil vesentlig føre med seg skadevirkninger, som behandles i neste avsnitt.»

I utredningen er videre nevnt en del skadevirkninger forårsaket av reguleringene. Således påpekes at båttrafikken i Valldalen blir meget vanskelig p. g. a. de steile strender og at båtene eventuelt må ha svære opptrekkсанordninger. Isbrekk og overvann vil vanskeliggjøre trafikk over isen. Fisket nevnes å bli